



### **FRIKAR X - BEVEGELSESKUNST SOM KRYSSAR GRENSER**

Treårig prestasjonsutviklande program med individuell talentutvikling og produksjonar. Samarbeid mellom FRIKAR, Talent Norge, Sparebankstiftelsen DNB, Kulturrådet, Oppland og Valdres.

FRIKAR X handlar om å hacke kreativiteten hjå eksepsjonelle bevegelseskunstnarar - for å realisere talenta deira, men også for å dele kunnskapen med omverda. Vi ser på bevegelseskunst som ei feiring av det immaterielle, den kan inspirere mennesket til å leva meiningsfullt uavhengig av forbruksmateriale.

PRODUKSJONAR - TURNEAR - MEISTERKLASSER - INNOVASJONSLAB - TESTING - STIPEND

#### **FRIKAR X søker:**

Profesjonelle bevegelseskunstnarar (f.eks moderne, haling, breaking, nysirkus og parkour) til eit talentutviklingsprogram over 3 år. Talenta må vera interessert i både individuell og kollektiv utvikling og å jobbe utanfor komfortsonen.

Prosjektet søker i tillegg fleire unge i alderen 16-18 år for deltaking på treningsleirar.

#### **Audition:**

Motivasjonsbrev, CV, bilde og ein link som presenterer deg som kunstnar, sendast til [benedicte@frikar.com](mailto:benedicte@frikar.com)

Søknadsfrist: 20. mai 2017

Tid: 9. Juni kl 10-17 & 10. Juni kl 10-15.

Stad: Riksscenen, Schous plass.

Jury: Hallgrim Hansegård, Nina Lill Svendsen og Jon Filip Fahlstrøm

### **Programansvarleg Hallgrim Hansegård:**

Kalla "wildly inventive" av National Geographic for arbeidet som kryssar bevegelsesformer som halling, kungfu, breakdance, samtidsdans, capoeira, yoga, nysirkus etc. Utviklar "instant composition"-teknikkar for sjangerkryssande samarbeid. Verka hans er framført i 32 land, sett av ein milliard tv-sjåarar, 100M YouTubarar og 400.000 levande publikumarar. Står bak dansen i dataspelet Age of Canon. Har vunne internasjonale prisar for koreografi og film og er 4xNorgesmeister i halling.

### **FRIKAR:**

FRIKAR skaper dagsaktuell dans styrka på eldgmal kunnskap - for alle menneske på tvers av alle grenser. Arbeider for scener, film, tv og i naturen. Stifta i 2006, driv i dag turnékompani, akademi, residens- og kompetansesenter. Hovudbase i Valdres, kontor også i Oslo. Koordinator: Ellen Berntsen, prosjektmedarbeider: Benedicte Marie Bjerke, kunstnarleg leiar: Hallgrim Hansegård.

FRIKAR sine treningsfascilitetar inkluderer olympisk trampoline med bungee-sikring, airtrack, tøyakrobatikk, teaterlysrigg, superslowmo-kamera, motion capture-sett, pulsklokke med utstyr for spensttesting, sauna, treningsrom, dansesalar etc.

For mer informasjon og midlertidig aktivitetsplan, se <http://www.frikar.com/no/kompani/prosjekt/x-audition/>



TALENT NORGE



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway

